

# ÅRSMELDING FOR NORDFJORD FOLKEMUSEUM 2007.

## 1. ADMINISTRASJON/ØKONOMI

### 1.1 Styret

Årsmøtet til Nordfjord Sogelag vart halde 27. juni 2007 på Nordfjord Folkemuseum. Dette årsmøtet handsama museumssaker, resten av årsmøtesakene vart handsama på møte 24. juni 2007 på Stadlandet i Selje kommune.

Fylgjande representantar er valde for 2004-2007:

Nordfjordrådet: Sissel Loen, Stryn, vara Nils Petter Støyva, Stryn

Gloppen kommune: Sverre Folkestad, Gloppen, vara Hilde-Gunn Ommedal, Gloppen

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Liv Henjum, Vågsøy, vara Bernt Kr. Holtan, Gloppen

Nordfjord Sogelag: Ove Eide, Gloppen, vara Roar Førde, Bremanger

Dei tilsette for 2006-2007: Ingrid Berger, vara Nils Åge Kvamme

Ove Eide er leiar og nestleiar er Sissel Loen.

Det har vore halde to styremøte i 2007 og handsama 13 saker.

Styret vedtok m.a. årsmelding 2006 for museet, budsjett, tiltaks- og arbeidsplan for 2007, rekneskap for 2006.

### 1.2 Personale

Nordfjord Folkemuseum hadde i 2007 slikt personale:

Aslaug Nesje Bjørlo, direktør

Ingrid Berger, konservator i 80% stilling ( var engasjert i 2 månadsverk til artikkelskriving i ABM prosjektet i fylket)

Guri Hoddevik, førstesekretær i 80% stilling

Nils Åge Kvamme, driftsansvarleg/handverkar

Kent Arvid Flølo, handverkar/vaktmeister

Tina Vilenica, formidlingsleiar, slutta 10. august for å gå over i ny stilling i Stryn. 60 % stilling

Linda M. Høie, formidlingsleiar vikar og prosjekttilsett til 10. august 60 % stilling + noko ekstra

Ørjan Indrebø sivilarbeidar frå 15. 06. 06 – 22. 04. 2007.

Pål Ovanger Stensland frå 18.10. 2007; ny sivilarbeidar

Margret Ødven, deltid reinhald

Janne Osa Holtan , tekstilprosjektet

Ulf Palm, fotograf frå 15.11. 07 i prosjekt

Liv Byrkjeland, fellesstilling for musea i fylket

Mellombelse stillingar:

Fleire personar var engasjert på deltid i sommarsesongen. Nokre har vore engasjert på timebasis når museet har hatt arrangement og tek imot større grupper. Fleire personar var engasjert ekstra i samband med Den kulturelle skulesekken i 2007. Vi har hatt ekstrarhjelp i samband med vasskraftprosjektet.

### 1.3 Økonomi/rekneskap

Avtale om tilskot frå nordfjordkommunane vart revidert i 2006 og gjort gjeldande på same nivå som tidlegare for åra 2006-2009.

Revidert og vedteke rekneskap er oppsett bak i årsmeldinga. Rekneskapen viser eit overskot på kr. 215.691,-

Eigeninntekter er kr. 806.652,- eller 17.5 % av totale driftsinntekter. I tillegg fekk ein i 2007 tilsegn om kr. 140.000,- til film om felemakar. Dette vert utbetalt når prosjektet vert sett i gang.

Museet har fått ekstra støtte frå Norsk Institutt for Skog og Landbruk (12.000,-), Sogn og Fjordane fylke, Den kulturelle skulesekken (39.000,- skysstilskot)

Til vasskraftprosjektet har fylgjande gått inn med tilskot: Sogn og Fjordane Energi AS (261.075,-), Sunnfjord Energi (52.073,-), Stryn Energi (10.000,-), Tussa Energi (10.000,-), BKK (10.000,-), Aurland Energiverk (5.000,-), Lærdal Energi (5.000,-). Desse selskapa har løyvd same sum i åra 2005-2007.

NVE gjekk inn med kr. 120.000,- til formidlingstiltak om vasskraft.

Sparebanken Sogn og Fjordane (10.000,-) til film om felemakar.

### 1.3.1 Felemakarverkstaden

Kring 370 feler har vore innom felemakarverkstaden for reparasjon sidan verkstaden vart etablert. Felemakaren arbeider på timebasis etter tilgang på arbeid. Felemakaren har hatt orientering for grupper og halde ope etter behov. Verkstaden er også ein post i tilbodet Den kulturelle skulesekken.

## 1.4 Utval, møte og kurs

### 1.4.1 Møte i kommunane

Personalet har delteke på ulike møte i kommunane m.a. i samband med mottak av gåver, råd og rettleiing.

### 1.4.2 Representasjon i stiftingar og utval

Museet er medlem og representert i styret i Stiftinga Karnilstunet på Hauge, Stiftinga Nordfjordjekt og Stiftinga Liatunet i Stryn. Styret i Stiftinga Nordfjordjekt har vedteke å løyse opp stiftinga.

Nordfjord Folkemuseum er også medlem av Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, Norsk Forening for Fartøyvern og Stiftinga for vern og gjenbruk av Gamle Innvik Ullvarefabrikk.

Direktør var styremedlem i Norges Museumsforbund frå 2003 til landsmøtet i september 2007.

### 1.4.3 Møte og kurs

Personalet har delteke på ulike kurs og møte knytte til museumsfagleg arbeid innan m.a. bevaring, fartøyvern, formidling og fellesmagasin. Heile det faste personalet deltok på landsmøtet i Norges Museumsforbund i Loen i september og personalet var også med på Museumslaget i fylket sin fagtur til Bergen i november. Konservator var 14 dagar i Sverige i samband med Leonardoprogrammet "Reis og ryk".

## 2. MUSEUMSFAGLEG ARBEID

2.1 Besøk på museet i 2007 var totalt 20732 (20817 i 2006) barn og vaksne besøkte museet. Tala for besøk kjem fram ved registrering, billettsal og overslag.

Museet vert brukt mykje av skuleklassar på dagtid. Tre store skular og fleire barnehagar er lokalisert nær museet. I 2007 deltok 2492 (2006: 3381) barn og unge på organisert undervisning. Formidlar slutta 10. august og ny vart tilsett i november og ho tek til i april 2008. Eit planlagt skuleopplegg måtte avlysast. Grunnskulane i Nordfjord har ca. 4600 elevar. Museet inviterte til ulike opplegg gjennom året og sender ut program vår og haust i Den kulturelle skulesekken. Nytt utreiseprogram til skulane var "Kolmillebrenning i Gloppen. I november/desember hadde vi førejulsopplegg i fargeriet.

Besøkstalet totalt er likevel omlag som året før grunna auka aktivitetstilbod gjennom året, gratis inngang og betre skilting.

Det vart gratis å gå på museet for alle, berre grupper betalte. Sesongen i friluftsmuseet var 15. 05 – 15. 09. Vi hadde guiderunder på norsk, engelsk og tysk for grupper. Elles gjekk folk på eiga hand og 20 hus var opne, slik at ein har høve til å sjå inn. Det er utarbeidd informasjonshefte på norsk, engelsk, tysk og fransk som kan lånast med. Skuleelevar og barnehagar er ei prioritert gruppe i formidlingsarbeidet. Formidlingsarbeidet er arbeidskrevjande og vi arbeider for at tilboda skal ha god

kvalitet. Museet har ei stor utfordring her i samarbeid med skuleverk og andre.  
Vi arbeider for å utvikle museet vidare som møtestad og arena for ulike arrangement.

## 2.2 Skriftleg formidling og anna utover-vend verksemd

I januar var det premiere på Kolmilefilmen i Kinosalen på Gloppen Ungdomsskule og kveldsete på museet etterpå. Samarbeid med Gloppen Sogelag. Dette var avslutninga på kolmileprosjektet, men film og kunnskap vert brukt vidare i formidlinga.

Nytt i 2007 var tiltaket "Laurdagsrunda". Eit samarbeid mellom museet, biblioteket, fylkesarkivet si fotoavdeling, Firda vidaregåande skule og butikkgruppa i Gloppen Næringsorganisasjon. Museet var initiativtakar. Fire laurdagar i januar og februar var det aktivitetar og utstillingar på bibliotek, museum, i symjehallen og gode tilbod i butikkane.

Tiltaket vart godt motteke og vart fylgt opp med "Påskerunda" der dei same partane var med og opplegget var omlag som på "Laurdagsrunda".

I februar var det framsyning av "Ronja Røverdatter" i Frislidlada. Oppsettinga var ved dramalina ved Firda vidaregåande skule.

I mars hadde vi det årlege lokalhistoriske seminaret med tema " Vestnorsk identitet". 50 deltakarar.

Sommaren 2007 hadde vi ulike aktivitetar på søndagane frå 1. juli -15. august. Det førte til auka besøk.

I august var det låvedans i Frislidlada med Austrheims Spelemannslag.

I september var det jekteseminar over to dagar med professor Arne Emil Christensen. 25 deltakarar.

I oktober prøvde arkeologar frå fylkeskulturavdelinga ut skuleopplegget "Ein skuledag i steinalderen" på museet.

9. november var museet med på "Kulturnatt i Nordfjord". Denne kvelden var det mange ulike aktivitetar ute i husa og den første " Bokseta" vart arrangert. Boksete var det også i desember. Samarbeid mellom museet og Firda vidaregåande skule.

Museet gir ut Årbok for Nordfjord saman med Nordfjord Sogelag og Sogn og Fjordane Ungdomslag, og Jul i Nordfjord saman med Nordfjord Sogelag. Opplaga er 1500 for årboka og 3500 for juleheftet. Begge vert distribuert frå museet. Alt arbeidet vert elles gjort på dugnad.

I 2007 fekk alle grunnskulane i Nordfjord eit sett med dei siste 20 årgangane av Jul i Nordfjord og Årbok for Nordfjord i gåve frå utgjevarane.

Artiklar om gjenstandar er publisert på Kulturnett, i "Ljøren", i "Kjelda" og i Kyrkjeblad for Gloppen.

Museet er representert i ei nemnd, sett ned av Nordfjord Sogelag, som skal arbeide med ei søge for Nordfjord.

Museet sender jamt ut pressemeldingar til aviser og radio om ulike arrangement. Dette har ført til fleire oppslag.

## 2.3 Eldfast bygg

Tekstilsamlinga. Tekstilane vert frosne, støvsuga, registrert, fotografert og pakka. Opplysningane om gjenstandane og bilete av dei vert lagt ut på internett. Arbeidet heldt fram i 2007 og arbeidet vert avslutta i 2008. ABM Utvikling og fylkeskulturavdelinga hadde grundig gjennomgang og vurdering av samlingane ved musea i fylket i 2006. I mars 2007 fekk vi rapporten og museet har teke tak i merknadane og fått rydda opp i mykje i løpet av året. Det er rydda i magasin og i fleire hus i uteområdet. Målet er betre sikring, bevaring og oversikt. Sommaren 2007 var det engasjert ekstrahjelp til arbeidet.

### 2.3.1 Utstillingssal. Kulturhistorisk utstilling

Utstillinga rommar eit tablå med båt og naust, og i 2000 vart utstillinga "Kva hadde Nordfjordingen i skåpet sitt" sett opp. I 2005 vart utstillinga utvida med "Mathilde Orheim Ass. landhandel". Der er også stilt ut brurepynt, stolar og ei utstilling om feler.

### 2.3.2 Biletgalleri/møterom.

Alle bygningsmodellane til museet er stilt ut i dette rommet når der ikkje er andre utstillingar. Rommet vert brukt til seminar, kurs, møte, utstillingar og konsertar. I 2007 hadde vi jekteutstillinga ståande

heile året og hadde skiftande utstillingar i inste salen.

### 2.3.3 Skiftande utstillingar

Januar - mars: " Norske krystallar". Vandreutstilling frå Naturhistorisk museum i Oslo.

Mars - april: "Kvaster på såret". Vandreutstilling laga av Tromsø Museum.

Juni: Kunstutstilling frå Kina. Samarbeid med Gloppen Kunstlag.

Sommaren 2007 Jekteutstilling og vasskraftmodellar.

Juli - august: Kjartan Slettemark "Breimsnallar". I samarbeid med Gloppen Kunstlag.

November - desember: Nordfjordbåten. Plakatar,tekst,bilete og båt. Utstilling på Sandane Senter.

### 2.4 Bibliotek, gjenstandssamling og arkiv

Museet abonnerer på eit utval tidsskrift og aviser, og har bytesamband med mange institusjonar.

I 2007 kom det inn 55 gjenstandar som gåve til museet. Museet har no 23196 gjenstandar. Av desse er 21792 ikkje tilfredstillande registrert etter ny standard.

Museet lånte ut gjentandar til brudefylgjet som reiste frå Sogn og Fjordane til Kongen sin 70års dag.

Museet har avtale med Gloppen kommune om oppbevaring av privatarkiv for kommunen.

### 2.5 Friluftsmuseet og uteområdet

#### 2.5.1 Vasskraftprosjektet

Vasskraftprosjektet - bygningsmiljø knytt til vasskraft. I 2007 vart grindverket til Ålfotsaga reist og taket tett. Det vart forma ut søknad om nytt skuleopplegg tilknytta vasskraft som ein tenkjer å utvikle og sette i gang i 2008.

Prosjektet vert i sin heilskap finansiert utanom museet sitt driftsbudsjett. Miljøet vart brukt i samband med tilbod i skulesekken med tema vatn.

#### 2.5.2 Uteområdet og husa på museet

Det vart utført vedlikehaldsarbeid på mange av taka og på Hønehuset vart det lagt nytt tak. Dette året prioriterte ein elles opprydding av heile uteområdet. Det vart teke vekk busker og kratt og vegane vart grusa. Området ved jekta vart også rydda og grusa.

### 2.6 Råd og rettleiing

Museet gav råd og rettleiing til privatpersonar og kommunar.

### 2.7 Skilting av museet og Holvikejekta

I 2007 fekk museet endeleg gjennomslag for betre skilting frå riksveg og fram til museet og Holvikejekta. Då vedtaket først var fatta sytte Statens Vegvesen og Gloppen kommune for at dei kom raskt på plass.

### 2.8 Den kulturelle skulesekken

I 2007 satsa vi vidare på dei opplegga vi hadde, med forbetringar. Austrheim skule og museet har oppretta samarbeid og utvikla eit undervisningsopplegg om Holvikejekta. Det er kalla "Reisa til Bergen" og vart prøvd ut våren 2007. ABM Utvikling og Høgskulen i Oslo var ansvarlege for opplæring og evaluering. Opplegget utgjorde 10 studiepoeng i Museum og skole ved Høgskulen i Oslo.

### 2.9 Landsmøte i Norges Museumsforbund i 2008 i Loen.

Landsmøtet vart for første gong lagt til Sogn og Fjordane. Det var innreise og ekskursjonar inn til musea i fylket og sjølve landsmøtet var lagt til Hotel Alexandra i Loen. Musea i fylket inviterte til landsmøtet. På Nordfjord Folkemuseum var det ein ekskursjon med landsmøtedeltakarar som kom via fly til Sandane. Ellers var det middag ein kveld der landsmøtet delte seg i to grupper, der ei gruppe reiste til til Anders Svor museet i Hornindal og avslutta med middag på Räftevold Hotell og den andre

gruppa var på Nordfjord Folkemuseum med omvising ved jekta og på museet og avslutta med kulturinnslag og middag på Gloppen Hotell. Dette var eit stort arrangement med totalt mellom to og tre hundre deltakarar.

### 3 . ARRANGEMENT, UTLEIGEVERKSEMD OG ANDRE AKTIVITETAR

3.1 Ulike større arrangement gjennom året og besøk av grupper, institusjonar og organisasjonar.

Mange institusjonar, skular, verksemder, organisasjonar og lag har halde møte, kurs o.a. på museet og fått orientering om ulike sider av museumsdrifta og mange har fått omvising og undervisning, m.a. :

Gloppen Sogelag, Nordfjord Sogelag, Roseklubben, Gloppen kommune, Gloppen Kunstlag, Årbok for Nordfjord, Jul i Nordfjord, Barnas Turlag, Stiftinga Nordfjordjekt, Sparebanken Sogn og Fjordane, Motorførerenes Avholdsforbund, Gloppen jeger- og fisk, Nordfjord Hagelag, Nordfjordrådet, Gloppen Mållag, Gloppen Hardingfelelag, Gruppe for seniordans, Firda vidaregåande skule, Nordfjord Folkehøgskule, Jubilantar frå Firda vidaregåande skule og Gloppen ungdomsskule, skular og barnehagar i Nordfjord, elevar ved vidaregåande skular o. fl.

Lokala har vore utleigd til konfirmasjon, barsedåp, jubileum, større serveringar og til møte.

I 2007 kan elles nemnast Gloppen musikkfest, Norsk Countrytreff, Glopperock og mange konsertar med ulike arrangørar.

### 4. OPPSUMMERING. RESULTAT I HØVE TIL OPPSETTE MÅL OG FØRESETNADER

4.1 Departementet har lagt følgjande føresetnader til grunn for tildeling av statstilskotet i 2007 og bedt om at årsrapporten vert bygd opp slik at føresetnadane vert kommentert direkte:

#### 4.1.1 *Særskilde føresetnader knytt til museet.*

Museet er eit av fem konsoliderte museum i Sogn og Fjordane i samsvar med Museumsplan for fylket 2006 - 2010 vedteken i april 2006. Museet fekk styrka budsjettet frå 2007 med kr. 100.000,- ekstra jamfør St.pr. nr.1 (2006 - 2007). Desse midlane vart brukt til ekstra vedlikehald og opprydding i friluftsmuseet. Museet har etterslep med mange årsverk.

#### 4.1.2 *Føresetnader om økonomistyring.*

Museet skal syte for god likviditet, at bygningar og utstyr vert halde ved like og søke og skaffe auke i eigeninntektene utan at det går ut over den museale verksemda. Museet hadde eit overskot i 2007 på kr. 215 691,-. Midlane er avsett til vedlikehald og bevaring. Eigenkapital inkludert overskot 2007 er pr. 31.12. kr. 809 696,-.

Museet hadde eigeninntekter utanom offentlege tilskot på kr. 806.652,- eller 17.5 %. I tillegg tilsagn om tilskot til dokumentasjonsfilm om felemakar med kr. 140 000,-. Tilskotet vert utbetalt når arbeidet tek til i 2008.

Museet har ikkje teke opp lån.

Rekneskapen vert revidert av BDO Noraudit Fjordane AS.

#### 4.1.3 *Føresetnader om administrative tilhøve.*

Museet har vedteken plan til og med 2007. Nytt styret frå 2008 skal revidere denne våren 2008 for perioden 2008-2011. Personalet har begynt arbeidet. Planen tek føre seg alle deler av museumsverksemda med tiltak som skal gjennomførast. I tillegg har museet andre delplaner som ein arbeide etter i 2007, arbeidsplan for tilsette, bevarings- og innsamlingsplan o.a.

#### 4.1.4 *Føresetnader om samlingsforvaltning.*

I 2007 fekk museet ABM Utvikling sin rapport etter synfaring i Sogn og Fjordane "Tilstandsvurdering av museumssamlinger i Sogn og Fjordane". Museet hadde i fleire år drive med målretta arbeid innan

feltet, og såg det som svært positivt med ei vurdering utanfrå. Ein tok med ein gang tak i vidare arbeid ut frå rapporten. Det var brukt ekstrahjelp og mange gjenstandar fekk betre lagring.

Det vart også fotografert og registrert gjenstandar på nytt. Museet nyttar Primus og føl ellers vedtekne reglar for innsamling, registrering og bevaring. Museet har store etterslep då det har vore samla inn med stor entusiasme sidan tidleg på 19-talet og det først dei seinare tiåra har vore personale til å ta unna arbeidet.

Museet har delteke i arbeidet med fellesmagasin for fylket.

Det vart i 2007 forma ut eit prosjekt for god og rasjonell fotografering av gjenstandar for musea i fylket. Fylkesarkivet si fotoavdeling er på museet. Fotoarkiva her er no i bruk av alle dei kulturhistoriske musea som fellesmagasin for foto.

I 2007 sette ein i gang arbeid med gjennomgang av klima- og ventilasjonsanlegg då dei ikkje fungerer godt nok. Rapport vart klar i 2007 og arbeidet vert sett i gang i 2008. Mange fleire gjenstandar vart teke inn i magasinane og det vart kjøpt inn meir hyller og anna utstyr.

*Styret si vurdering av vedlikehald av bygningar, lokale og utstyr ved institusjonen og avsetningar til vedlikehald.*

Dette året vart det føreteke reparasjon av mange tak, og eit tak vart skifta. Sirkelsag frå Ålfoten vart reist etter fleire års lagring. Det er sjølve grindverket som no er på plass med tett tak. Saga inngår i Vasskraftmiljøet ved museet (tematisk ansvar). Det vart rydda vekk materialar og gjenstandar under tre stabbur. Mange tre og busker vart fjerna for å unngå skade på hus.

Vedlikehaldsarbeid var prioritert gjennom året, men må også sjåast opp mot andre viktige oppgåver innan formidling, innsamling og bevaring. Museet har etterslep på området.

#### *4.1.5 Føresetnader om formidling.*

Museet har opningstider som vert kunngjort via avisene i regionen, felles reiselivsbrosjyre, i egne brosjyrer og på heimeside. Opningstidene museet har no er fastsett etter fleire år med undersøkingar og registreringar over kva tid publikum kom/ynskta å kome. I 2007 hadde museet ekstraoppe på mange arrangement og for grupper med særskilde ønske. Det vart arrangert ekstraoppe på "Laurdagsrunda" og "Påskerunda" (i samarbeid med bibliotek, fotoarkiv, vidaregåande skule, symjehall og butikkgruppa). Personalet var tilgjengelege med td "Spør konservator", "Finn vegen til bileta", "Reparasjon av vindauge" o.a.

Museet hadde gratis tilgjenge for alle utanom grupper på guida opplegg. Det gjer det lettare for folk å stikke innom museet og frigjer tid til formidling i staden for rutiner og kontroll med billettsal.

Nordfjord Folkemuseum er eit av musea med spesielt ansvar i skulesekken. Vi lagar egne tilbod til skulane i regionen, og har også utreiseprogram. I 2007 deltok ein på opplegget Museum og skole arrangert av ABMU og Høgskolen i Oslo saman med Austrheim skule. Det vart laga søknad for å utvikle nytt opplegg med tema "Vasskraft" og NVE løyvde i desember kr. 120 000,- til arbeidet som vert sett i gang våren 2008.

Museet er med i Kulturlandskapsnettverket og har nært samarbeid med NVE si Museumsordning.

#### *4.1.6 Status for museet sitt arbeid med Mangfaldsåret 2008.*

Gratis inngang til museet gjer at det er lettare "Å trø over dørstokken". Vi reknar med å halde fram dette tilbodet i 2008. Museet sender ut tilbod i Den kulturelle skulesekken til alle grunnskular.

Museet vil i 2008 vere ein open arena for ulike arrangement og samarbeidsprosjekt og vi vil dette året prøve ut fellesarrangement og nokre nye formidlingssamarbeid.

Det er planlagt å reise ut i regionen med ei vandrestilling til eit stort internasjonalt arrangement sommaren 2008 Tall Ship Race's i Måløy. Det er laga ny brosjyre med norsk, engelsk og tysk tekst.

I 2007 vart det for første gang arrangert "Kulturnatt i Nordfjord". Dette var eit initiativ frå leiargruppa i Nordfjord der museet er med. Natta skal avspegle kulturelt mangfald i regionen og er planlagt gjennomført på nytt i 2008.

Nordfjord Folkemuseum vil i 2008 arbeide vidare med å oppfylle intensjonane i Mangfaldsåret ved konkret å vurdere integrering og mangfald i formidlinga og ta initiativ til samarbeid med andre for å få

dette til.

#### *4.1.7 Status for museet sitt arbeid med immateriell kulturarv.*

I 2007 avslutta museet dokumentasjonsprosjektet "Kolmlebrenning på Åsebø i Gloppen", ved å vise filmen i kinosalen i vertskommunen. Det vart også laga og gjennomført utreiseprogram til grunnskulane med utgangspunkt i prosjektet.

Det vart utarbeidd nytt prosjekt og søknader sendt for å dokumentere på film korleis ein bygger ei fele. Gjennom året legg museet som ein del av si formidling og innsamling vekt på immateriell kulturarv ved å samle inn kunnskap til artiklar og notatar og legge gamle arbeidsmåtar inn som ein del av formidlinga. Vi viser å male korn, tørke korn, vaske klede på brett, hellebakst o.a.

Museet har omfattande og godt samarbeid med fylkesarkivet si fotoavdeling som er lokalisert på Nordfjord Folkemuseum.

#### *4.1.8 Rapport om likestilling.*

I 2007 hadde museet åtte fast tilsette fordelt med seks kvinner og to menn. Det var dessutan fleire melombels tilsette og mange på dugnadsarbeid, i alt 9,13 årsverk, fordelt med 5,59 årsverk for kvinner og 3,54 årsverk for menn.

Direktør er kvinne og styreleiar er mann. Styret er på fem personar med fem varamedlemmer. To faste styremedlemmer er menn og tre er kvinner. Av varamedlemmene er fire kvinner og ein mann.

Løn og arbeidstilhøve fylgjer det fylkeskommunale avtaleverket.

#### *4.2 Museumsplan for Sogn og Fjordane. Ny plan frå 2006 - 2010.*

Mange av punkta rapportert om under departementet, gjeld også for punkt som fylket ynskjer rapportering frå. I tillegg viser fylkesplanen til m.a. fylgjande punkt:

##### *4.2.1 Tematisk ansvar i fylket*

Nordfjord Folkemuseum har tematisk ansvar for vasskraft i fylket. Sjø 4.1.4 om Sirkelsag frå Ålfoten og 4.1.5 om tilskot frå NVE. Vi har ellers gjennom året brukt bygningsmiljøet til skuleopplegg med tema vatn og vasskraft. Museet har ei eiga nemnd som arbeider med dette og ein har arbeidd vidare med å planlegge utbygging og finansiering i 2008. Museet har finansiert all utbygging med sponsormidlar og dugnad. Det er skaffa kring to millionar kroner sidan utbygginga starta og lagt ned mykje dugnadsarbeid på mange felt i dette prosjektet.

##### *4.2.2 Planlagde og oppstarta fellestiltak*

Nordfjord Folkemuseum kalla inn til og var møtestad då museumsdirektørane hadde ei første drøfting rundt felles innsamlingspolitikk i februar 2007.

Museumsdirektør deltok på kulturleiar møta i Nordfjord og var med i arbeidsgruppa for "Kulturnatt Nordfjord".

Hausten 2007 forma museet ut ein søknad til ABMU for alle musea saman med fylkesarkivet, om utvikling av digitalt innhald og tenester "Gjenstandsfoto på nett".

Museet gir råd og rettleiing og prøver å vere vegvisar også til andre når publikum tek kontakt. Vi har besøkt kommunar for å sjå på samlingar og gjenstandar.

I 2006 vart det i samarbeid med fylkeskommunen lagt nytt golv i gangen i underetasjen på eldfast bygg og utarbeidd tilstandsrapport på anlegget som styrer klima i magasin m.m. I 2007 fekk ein tilbod på arbeid med ventilasjon og klima og deler av arbeidet vart bestilt; men dette kom ikkje i gang før i 2008.

Museet er med i IKT-samarbeidet og har brukt mykje ressursar på å få registrert samlinga betre på nett, og konservator har skriva artiklar for nett. Ho var også engasjert 2 mnd ekstra til dette arbeidet.

I samband med arbeidet om fellesmagasin har museet vore med, og har også gjort framlegg om at fellesmagasin for foto bør vere på Nordfjord Folkemuseum.

Det er sett i gang ulike tiltak saman med naturhistorisk konservator på friluftsmuseet; slåtteeing og trohesjar og museet har eplehage med gamle frukttresortar. Dessutan er det laga natursti og

naturhistorisk konservator var med i Kolmileprosjektet som vart avslutta i 2007.

Museumsformidlar har delteke i formidlarforum som musea i fylket driv.

Heile personalet deltok på fagleg museumstur til Bergen arrangert av Sogn og Fjordane Museums lag.

Nordfjord Folkemuseum er eit av tjue "skulesekkmuseum". Dette året auka vi kompetansen ved deltaking på ABMU sitt opplegg Museum og skole.

Museet deltok aktivt ved avvikla av Norges Museumsforbund sitt Landsmøte i Loen i september 2007.

#### *4.3. Plan for Nordfjord Folkemuseum 2004-2007.*

2007 er siste året med vedteken plan. På mange prioriterte område har museet fått gjennomført tiltak som tenkt, men mykje står att og må vurderast i samband med ny plan. Undervegs har det også kome nye arbeidsoppgåver og fylket har vedteke sin nye plan fram til 2010. Personalet har begynt å arbeide med revisjon av planen og styret vil ta tak i saka våren 2008.

##### *4.3.1. Samfunnsminnet.*

I 2007 vart utstillinga om jekta utvikla vidare og det vart laga ny brosjyre. Det vart også laga nytt skuleopplegg " Reisa til Bergen" – eit opplegg om jektefart frå Nordfjord til Bergen.

Vasskraftprosjektet. Utbygginga heldt fram.

Kolmileprosjektet vart avslutta, og ein starta nytt prosjekt med å planlegge dokumentarfilm om felemakaren.

Arbeidet med å rydde opp i gjenstandar, betre bevaring, registrere og fotografere har vore prioritert. ABMU sin rapport har vore retningsgjevande. I magasina vart det sett opp meir hyller. Klimastyringa vart vurdert og må betrast i åra framover, og mange gjenstandar må plasserast i eit fellesmagasin eller i anna magasin.

19-talet er prioritert ved innsamling.

##### *4.3.2. Museet som møtestad.*

Tilbod til barn og unge var prioritert og museet hadde samarbeid med mange andre om arrangement. Museet hadde utstillingar i samarbeid med andre museum, kunstlag o.fl. Sjå p. 2.1, 2.2, 2.3.3 og 3.1.

Det har heller ikkje dette året vore aktivitet i museumssamarbeidet med Zambia grunna manglande løyvingar.

Museet ynskjer å vere ein møtestad for alle og kunne invitere til kulturelt mangfald, sjå p. 4.1.6.

Gloppen kommune kjøpte Skrivarvik-eigedommen ved sida av Holvikejekta i 2006. Museet kjøpte eit mindre areal av den same eigedommen. Det var møte om saka og om bruk av området på Øyrane også i 2007.

Det var oppstart på bygging av Trivselshagen og første byggesteg er kultur- og skulebygg. Dette byr på utfordringar for museet og moglege spennande samarbeid.

Det var satsa mykje på rydding og stell av friluftsmuseet for å gjere dette til ein attraktiv og vakker stad.

Ny skilting førte til at fleire finn museet lettare.

##### *4.3.3. Organisasjon/Administrasjon*

Museumsdirektør har vore med i utval om fellesmagasin. Kulturleiargruppa i Nordfjord er møtestad for utvikling, samarbeid og informasjonsutveksling. Museet har også jamn kontakt med ulike ledd i kommune, fylke og stat.

Konservator har delteke på Leonardoprogrammet Ryk og Reis saman med mange andre frå lokalt næringsliv og skule.

Rutinane for drift er betra, og museet har etter kvart fått utvikla opplegg for ulike arrangement og også utvikla nye som Laurdagsrunda, Påskerunda og Søndagsaktivitetar.

Museet vil rette ei stor takk til alle samarbeidspartar, til alle som har utført dugnad og til alle som har gitt gåver til museet. Nordfjord Folkemuseum ynskjer og er avhengig av slik støtte og samarbeid.



H:\brev\styre\sak0803v